

# Norges Naturvernforbunds prinsipprogram

*Prinsipprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.*

Naturvernforbundet arbeider for å verne og forvalte naturen på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø. Hovudmålet er at natur- og miljøomsyn må leggjast til grunn for all menneskeleg aktivitet.

Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om det er til nytte for menneska, og fordi menneska er avhengige av dei. Mennesket har ingen rett til å utrydde nokon av artane på jorda eller øydeleggje det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen av livsformer og leveområda deira er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen.

Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen. All vår verksemd må difor fylge prinsippet om berekraftig bruk. Det vil seie:

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Vi kan berre ta ut frå naturen det krinslaupet i naturen kan fornye.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.
- Råvarer som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med strengt måtehald.

Påkjenningane mennesket påfører naturen, er for store. Den rike verda har eit forbruk av energi og råstoff som ikkje let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og produksjonsevna. Tekniske omleggingar kan ikkje åleine endre dette. Forbruksnivået vårt er med og hindrar at andre menneske får leve menneskeverdig liv. Vi må akseptere at alle menneske har rett til dei naturgoda som trengst for eit godt liv. Dette krev, fordi jorda er avgrensa, at dei økonomisk rikaste gjev avkall på ein del av dagens forbruk.

I den globaliserte verda vert fleire miljøproblem verdsomspennande. Dette må vi møte med internasjonale avtalar og samarbeid. Lokal og nasjonal innsats må vere drivkrafta bak dei endringane som skal til. Både lokalt og globalt kan omstillingar vere vanskelege, men å vente med dei endringane som skal til, vil gjere omstillingane meir smertefulle.

## **Prinsipp for praksis**

Norges Naturvernforbund meiner desse prinsippa må ligge til grunn for alle vedtak og tiltak som har eller kan ha negative konsekvensar for naturen:

- **Kunnskap:** Alle private og offentlege aktørar som påverkar naturen må ha plikt til å setje seg inn i korleis deira verksemd påverkar naturen. Oppdatert og ny kunnskap må leggjast til grunn for vedtak og handlingar.
- **Føre-var-prinsippet:** Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket ikkje vert gjennomført. Dersom det er manglande kunnskap om eit miljøproblem, må ein likevel freiste å løyse problemet med bakgrunn i den vitskaplege kunnskapen ein har.
- **Samla påkjenning:** Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for, skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker, til dømes der eit lite tillegg i påkjenningane kan få store og negative følgjer, eller der fleire seinare tiltak kan få det.

- Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal dekke kostnadene ved tiltak som hindrar eller avgrensar skadane.
- Beste teknologi: Ved verksemd i naturen skal lokalisering, teknologi og driftsmåte vere den som er best for miljøet. Teknologi må utviklast med mål om redusert total ressursbruk og mindre forureining.

## **Organisasjonen**

### **Demokratisk, landsdekkande og uavhengig**

Norges Naturvernforbund er ein demokratisk medlemsorganisasjon, skipa i 1914. Folkeleg engasjement er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode. Medlemene avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Naturvernforbundet har aktive fylkes- og lokallag over heile landet. Saman med sekretariatet gjev dei den styrken Naturvernforbundet byggjer på. Naturvernforbundet er partipolitisk nøytralt og uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Miljøagentane og Natur og Ungdom er barne- og ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet.

### **Kunnskapsbasert opinionsdanning**

Norges Naturvernforbund treng tillit og oppslutning for å få gjennomslag. Argumenta våre skal vere fagleg solide og lett forståelege. Frivillige organisasjonar har gjennom folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg.

Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til kva naturen toler.

### **Saksorientert arbeid med konkrete resultat**

Det er resultata for naturen som tel. Det er først og fremst gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at Norges Naturvernforbund er med og bergar store naturverdiar, og endrar haldningane til naturen hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale miljørbeidet.

### **Naturglede**

Frisk og vakker natur er godt for mennesket si helse og aukar trivselen. Urørt natur gjev mennesket glede og innsikt som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er ein viktig bakgrunn for arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over naturverdiane vi vil ta vare på. Målet er at dei som lever i nærlieken av verdifulle område skal vere stolte over naturen dei har tilknyting til.

### **Internasjonalt samarbeid**

Norges Naturvernforbund samarbeider med miljøvernorganisasjonar i Noreg og andre land for å løyse regionale og globale miljøproblem. Det er ei viktig oppgåve å støtte og styrke folkelege og demokratiske organisasjonar i land det miljøvern har dårlege kår. Norges Naturvernforbund er den norske avdelinga av Friends of the Earth International. Regnskogfondet har vore ein viktig del av Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid, og dette vert ført vidare ved at Naturvernforbundet er stiftar og medlem av Regnskogfondet.

## Naturmangfaldet

Naturmangfaldet er livsviktig og uerstatteleg. Vi må sikre rikdommen av planter, dyr og andre organismar for framtida. Dette inneber å ta vare på artane, på den genetiske variasjonen innan artane og dei leveområda som organismane treng. Det er moralsk uakseptabelt å utrydde natur.

Noreg har truleg den mest varierte naturen i europeisk samanheng. Verda har ikkje noko som tilsvarer dei norske fjordlandskapa og den vassdragsnaturen som høyrer til. Vi er åleine om villreinstammar og intakte fjelløkosystem i Europa.

Over 40 vegetasjonstypar er truga av utrydding i Noreg. Nesten 4000 artar står på den nasjonale raudlista. Vi har ikkje råd til å misse nokon av dei. Kvart dyr, kvar plante og kvart insekt som vert utrydda, er eit evig tap. Nokre artar og landskapstypar har Noreg eit internasjonalt ansvar for, mellom anna havørn og kystlyngheier.

For samfunnet er dei økonomiske ulempene ved å avstå frå skadelege inngrep og utslepp mindre enn tapet dersom variasjonsrikdomen i norsk natur forvitrar. Dersom rike Noreg ikkje prioriterer sine folkerettslege og etiske plikter til å berge artane og naturtypane for framtida, er det eit fattigsleg varsel til omverda.

Noreg må gjennomføre tiltak for å stanse nedgangen i naturmangfaldet. Dette krev både meir vern av utvalde areal og ei streng forvaltning av naturverdiane som ikkje er verna ved lov, men som inneheld biologisk viktige kvalitetar. I tillegg må ein hindre innføring av framande artar som kan vere ein trussel mot lokale plante- og dyreartar.

### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Det må vere levedyktige bestandar av alle artar som naturleg høyrer heime i Noreg. Leveområda til truga og sårbare artar må sikrast, anten ved vern for dei artane der dette er naudsynt, eller ved ein arealbruk som ikkje trugar artane.
- Det må etablerast økologisk baserte nettverk av verna og andre areal for å sikre den økologiske samanhengen over større område og trygge leveområda for arealkrevjande artar. Dei inngrepsfrie områda (INON) i Noreg har minska sterkt dei siste åra, og meir reduksjon må stoppast.
- Eit utval av alle vegetasjonstypar må sikrast i slikt omfang at dei kan fungere som leveområde på lang sikt.
- Nasjonalparkplanen, dei tematiske verneplanane og planane for vern av marine område må gjennomførast raskt. Skogvernet må aukast vesentleg.
- Nasjonalparkar og andre verna område må forvaltast aktivt slik at naturmangfaldet vert teke vare på.
- Fjellnaturen må ikkje byggjast ned, men takast vare på for å sikre leveområde for villreinen og nasjonalt viktige friluftsområde.
- Den naturlege rytmen i vassdraga må sikrast. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag. I samband med alle inngrep i vassdrag, også utbygging av mini-, mikro- og småkraftverk, må det setjast strenge krav til å ta vare på biologisk mangfold. Under konsesjonshandsaminga må småkraftsakene innanfor eit område sjåast i samanheng for å sikre naturverdiane.
- Grøntområde med bekkedrag må takast vare på også i nærmiljøet og i tettstader. Bekkar som er lukka, bør opnast der det er mogleg.

- Verneformålet må takast vare på i verna vassdrag. I tillegg må verna vassdrag sikrast mot andre inngrep. Eit forsvarleg utval av mindre vassdrag og elvar må vernast mot kraftutbygging.
- Motorisert ferdsel i utmark og på vassdrag må minimerast, og må ikkje femne om rekreasjonskøyring.
- Lokale naturperler og naturområde i nærmiljøa må takast vare på.
- Utandørs bruk av genmanipulerte organismar og av ikkje stadeigne artar i skogbruket må nektast.
- Forsvaret mot framande organismar som følgjer med handelsvarer, må vere sterkt. Dumping av ballastvatn må underleggjast sterke restriksjonar.

## Forureining

Menneskeleg aktivitet kan gje utslepp til luft, jord eller vatn som naturen ikkje klarer å bryte ned. Forureining kan vere giftig eller skadeleg for menneske, dyr, planter eller andre delar av naturen.

Forbruk av fossilt brensel fører til utslepp av klimagassar. Klimaet på jorda er difor i ferd med å endrast. På verdsbasis må utsleppa reduserast med 60–80 prosent for å unngå at fylgjene for livet på jorda vert katastrofale. Olje- og gassutvinning, transport, industri og oppvarming er dei største utsleppskjeldene i Noreg. For å løyse klimaproblemet må vi endre samfunnstrukturen slik at fossil energi vert unødvendig, og vi må utvikle og ta i bruk ny teknologi.

I Noreg vert vassdrag sure og skogen øydelagd som følgje av nitrogenoksid ( $\text{NO}_x$ ). Hovudårsaka er store og aukande utslepp frå olje- og gassverksemda. I tillegg er det store utslepp frå veg- og sjøtransporten. Vegtrafikk er også ei viktig kjelde til lokal luftforureining i mange norske byar og tettstader. Både lokalt og globalt er det ei overordna målsetjing at lufta må vere av ein slik kvalitet at den ikkje skadar naturen eller folkehelsa.

Miljøgiftene har lang nedbrytingstid og vert oppkonsentrerte i næringskjeda. Ein av konsekvensane er at fisk og sjømat frå mange hamner, fjordar og vassdrag ikkje kan etast og at fuglebestandar er truga. For mennesket kan helsekadelege stoff mellom anna føre til at fleire får kreft, redusert forplantingsevne, astma og allergiproblem.

Noreg har hatt store problem med i innfri internasjonale miljøavtalar som regulerer forureining. Dette gjeld Kyoto-protokollen om å kutte veksten i klimagassutsleppa, Gøteborg-protokollen om utslepp av nitrogenoksidar og OSPAR som regulerer utslepp til vatn.

### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar etter tilrådingane frå FNs klimapanel. På sikt må Noreg verte uavhengig av fossile energikjelder.
- For å løyse klimaproblemet må ein ta i bruk mange ulike verkemiddel. Rike land har dei største utsleppa av klimagassar og har derfor størst ansvar for å redusere utsleppa. Internasjonal kvotehandel og andre internasjonale tiltak skal berre vere eit supplement til nasjonale reduksjonar.
- Utsleppa til luft av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige organiske stoff må reduserast slik at naturen ikkje tek skade.
- Miljøgifter skal ikkje sleppast ut i naturen eller føre til skader på folkehelsa. Bruk av miljøgifter i produkt og prosessar må minimaliserast.

- Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kan skade natur eller menneske.
- Alle skal ha krav på å få vite om produkt eller tenester inneheld miljøgifter eller helsekadelege stoff, og kor mykje forureining dei fører til i samband med produksjon, bruk og når dei vert kasta.
- Gamle miljøgiftutslepp må kartleggjast og ryddast opp i, eller sikrast på anna måte.
- Noreg må fylge opp dei internasjonale avtalane vi har skrive under på når det gjeld utslepp til luft og vatn.
- Kysten må ha eit sterkt oljevern.

## **Landbruk og fiske**

Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna som er grunnlaget for alt liv på jorda, livsmangfaldet og matproduksjonen. Primærnæringane må byggje på det lokale ressursgrunnlaget.

All matproduksjon må vere berekraftig. Utviklinga nasjonalt og globalt må styrast i retning av lokale einingar som leverer mat i ein lokal marknad. Det må være større samsvar mellom maten vi et og det naturen rundt oss forsyner oss med. Lokal økologisk berekraftig matproduksjon er viktig for å ta vare på naturmangfaldet i kulturlandskapet og gjer oss mindre sårbar for svingingar i den internasjonale matproduksjonen.

Maten må ikkje innehalde helsekadelege stoff. Overgjødsling som følge av nitrogen- og fosforutslipp frå landbruk er eit miljøproblem. Samstundes er desse utsleppa ein ressurs på avvege som i langt større grad må sikrast og nyttiggjerast.

### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Andelen økologisk landbruk må aukast kraftig. På sikt må all landbruksproduksjon vere økologisk. Landbruket må i minst mogleg grad vere avhengig av kunstig tilførsle av vatn, energi, gjødsel og ugrasd repararar. Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på før som kan gå til menneskemat.
- Primærnæringane må ikkje nytte hormon, genmodifiserte dyr eller planter eller før med antibiotika. Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og gjennom importrestriksjonar.
- Det må setjast nasjonale krav og lagast regionale jordvernplanar for å hindre nedbygging av dyrka mark og sikre kvaliteten på norsk matjord.
- Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i næringskjedene. Fisket må skje på dei årsklassane som gjev det beste langsiktige utbytet. Ein større del av fisket må drivast med passive reiskapar, og energiforbruket i fisket må reduserast. Kystfisket må prioriterast, og trålfisket må reduserast kraftig.
- Fiskeoppdrett kan ikkje erstatte den naturlege produksjonen av mat i havet. Oppdrett må drivast slik at den ikkje fører til ureining av nærområda, slik at røming av fisk og sjukdomsspreiing vert hindra, og slik at den heller ikkje på andre måtar uroar samspelet i naturen.
- Patent på levande organismar eller naturleg førekommende biologisk materiale må ikkje tillatast. Genmanipulerte organismar må ikkje dyrkast fram under tilhøve som gjer at dei kan kome ut i naturen.
- Tilskotsordningar som subsidierer naturskadeleg drift, må fjernast.

- Ei bærekraftig ressursforvalting føreset at forvaltingsregima vert utvikla i nært samarbeid med dei som tradisjonelt har vore avhengige av ressursane.
- Tilskotsordningane i landbruket må tilpassast rovdyrforvaltninga slik at nødvendige leveområde for rovdyr vert tekne vare på.

## Energi

Det høge energiforbruket vårt er verken berekraftig eller solidarisk, og det påfører oss store framtidskostnader. Eit høgt og aukande energiforbruk medfører stor forureining og skadelege naturinngrep. Gjennom energi-hierarkiet er utfordringane i energipolitikken prioriterte:

- Det viktigaste er å redusere det samla energiforbruket. All energiproduksjon påverkar miljøet. Noreg er mellom dei landa i verda som har høgast energiforbruk per innbyggjar.
- Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi no i staden må satse på dei nye fornybare energikjeldene.
- Vi må bruke energien på den mest effektive måten. Elektrisitet er høgverdig energi, som berre bør brukast til dei oppgåvene som krev det. Varme og andre lågverdige energiformer kan nyttast til mindre krevjande oppgåver som oppvarming.
- Fossile energikjelder er avgrensa og fører til klimagassutslepp. Skal vi bruke desse energikjeldene stasjonært, må klimagassutsleppa reinsast. Atomkraft inneber ein så stor fare for miljøet i samband med produksjon og avfallshandtering at den bør avviklast.

### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Det norske energiforbruket må reduserast. Det må leggjast til rette for energifrigjering. Forbruket i hushaldningar, kontor, næringsbygg og offentlege bygg må vere minst mogleg. Industrien må drivast mest mogleg energieffektivt.
- Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølgje- og vindkraft. Samstundes må vi ta vare på naturmangfaldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatte eksisterande energiforbruk basert på fossile energikjelder.
- All energi må brukast på mest mogleg effektiv måte, ved at høgverdig, elektrisk energi vert reservert til formål som krev høg energikvalitet. Elektrisitet må ikkje nyttast til oppvarming.
- Det må stillast strengare krav til energibruk ved nybygg og ombygging. Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom.
- Olje- og gassutvinningstempoet må reduserast. Det må ikkje opnast for leiting og utvinning i nye område. Barentshavet, Lofoten/Vesterålen, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må gjevast varig vern mot olje- og gassverksem. Vernet skal ikkje vere til hinder for hausting av fornybare ressursar.
- Det må ikkje byggjast gassrørleidningar for alminneleg bruk av gass, fordi slik infrastruktur vil hemme utviklinga av meir miljøvenleg energibruk i fleire tiår framover.
- Det må ikkje byggast gasskraftverk utan CO<sub>2</sub>-reinsing i Noreg. Skal det byggjast gasskraftverk, må det stillast krav om maksimal CO<sub>2</sub>-handtering frå dag ein.

- Det må ikkje byggjast fleire kolkraftverk i Noreg. Mange miljøproblem knytt til kolkraft, slik som kvikksølv og radioaktivitet, kan ikkje reinsast bort.
- Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. All forsking som har som mål å bruke atomkraft som energikjelde, må avviklast. Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.

## Transport

Transportbehovet i samfunnet må reduserast, gjerast mindre energikrevjande og mindre forureinande.

Transport fører til utslepp av klimagassar, til lokal forureining og sur nedbør. Verdifulle nærområde vert øydelagde gjennom utbygging av vegrar, parkeringsplassar og flyplassar. Det store arealforbruket i transportsektoren er også eit trugsmål mot jordbruksproduksjon og miljøvenleg byutvikling.

Miljøvenleg transport krev transportreduserande arealplanlegging, og ein overgang frå privatbil, lastebil og fly til meir miljøvenlege transportformer som sykkel, buss, tog og båt. Det må også innførast transportreduserande verkemiddel, som avgrensingar i tal på parkeringsplassar og meir rettferdig prising av både person- og godstransport. I tillegg må det satsast på meir miljøvenleg teknologi i transportsektoren.

### Norges Naturvernforbund meiner at:

- Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg transportbehov. Dette må ikkje gå ut over naturperler og rekreasjonsområde.
- Det må leggjast betre til rette for syklande og gåande, særleg i område med mykje trafikk.
- Kollektivtilbodet må verte betre, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Det må byggast ut dobbeltspor til jernbane i område med stor trafikk, og satsast på jarnbanen, spesielt høgfartstog, som eit alternativ for reiser mellom byane i Sør-Noreg og til/frå hovudstadane i nabolanda.
- Vegprising/bomringar må nyttast som verkemiddel for å dempe bilbruken. Midlane frå vegprising/bomringar må brukast til kollektivtrafikk, ikkje vegbygging.
- Utbygging av firefeltsveger og andre natur- og miljøskadelege vegprosjekt må stansast. Midtdelar på tofeltsvegar er eit godt trafikktryggingstiltak som alternativ til firefeltsvegar.
- Flytrafikken må reduserast gjennom auka avgifter på klimagassutslepp. Flyplasskapasiteten må ikkje utvidast.
- Transportvolumet må Dempast, og ein langt større del av godstransporten må gå på sjø og bane framfor på veg, gjennom auka miljøavgifter, ny teknologi, organisatoriske grep og betre infrastruktur for sjø og bane.
- Det må utviklast og brukast meir miljøvenlege energiløysingar i transportsektoren, gjennom bruk av meir energieffektive motorar, miljøvenleg biodrivstoff og nullutsleppsteknologi.

## Avfall

Mengda avfall aukar ukontrollert. Dette fører til store miljøproblem. Målet er å gjere avfalls mengda minst mogleg, og få til korte lukka materialekrinslaup. Alt avfall må

handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekjkjefylge vil det seie (1) minimering av avfalls mengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4) forbrenning med energiattvinning og (5) deponi/forbrenning utan energiattvinning.

#### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Avfalls mengda må reduserast. Produkt må vare lenger, og i større grad kunne reparerast og nyttast fleire gonger. Det må brukast mindre emballasje, og den må vere meir standardisert og kunne brukast om att.
- Både offentlege og private verksemder må stille strengare krav til miljø ved innkjøp.
- Det må stillast strengare krav til rett ressurs- og avfallshandtering ved bygge- og anleggsarbeid.
- Bruken av miljøskadelege stoff som ikkje kan brytast ned i naturen, må minimaliserast.
- Panteordningar bør nyttast for fleire produktgrupper, for å auke innsamlinga. Produsentar og importørar må få eit større ansvar for ombruk og avfallshandtering.
- Det må byggast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet. I fyrste omgang må minstekravet vere henteordningar for papir, plast og matavfall i hushaldningane, i tillegg til bringeordningar for andre typar avfall.
- Det må verte forbode å forbrenne og deponere usortert avfall. Ved all avfallsforbrenning må energien utnyttast.
- Restavfall må deponerast slik at det i minst mogleg grad fører til ureining. Organisk avfall skal ikkje deponerast.
- Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- Ein størst mulig del av avfallet må takast hand om lokalt, for å unngå miljøskadeleg transport.
- Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar for og forpliktingar knytte til skader årsaka av verksemda og produkta deira.

#### **Internasjonal medverknad og rettferd**

Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å kunne løyse mange av dei store miljøutfordringane verda står overfor. Miljøomsyn og omsynet til ei meir rettferdig fordeling av ressursane må overordnast mål om økonomisk vekst og auka frihandel i det internasjonale samfunnet.

Verdsøkonomien er i dag basert på utbyting av naturen og menneska, og byggjer på samfunnsverdiar som ikkje tek omsyn til menneskerettar, naturverdiar og ei berekraftig utvikling. Norges Naturvernforbund arbeider saman med Friends of the Earth International for ei demokratisk og berekraftig framtid.

#### **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- Menneskerettane og sosial- og miljømessig rettferd, saman med eit økologisk og kulturelt mangfold, må ligge til grunn for ei berekraftig utvikling.
- Demokratiet og styringsmøglegheitene må styrkast, nasjonalt og globalt, for å oppnå ei berekraftig utvikling.
- Dei økonomiske skilnadane mellom fattige og rike må minskast.
- All bistand må ta omsyn til natur og miljø.
- Internasjonale miljøavtalar må overordnast økonomiske avtalar. Internasjonale økonomiske avtalar må gje land rett til å prioritere miljøomsyn framfor økonomiske omsyn.

- Aktiviteten til multinasjonal selskap må kontrollerast gjennom internasjonalt samarbeid og lovreglar slik at dei får mindre makt over naturressursane og samfunnsverdiane. Enkeltland må også kunne regulere desse selskapa si verksemd i landet.
- Miljømessige og sosiale krav som gjeld i Noreg, må også gjelde for norske verksemder i utlandet når det norske regelverket er strengare enn det utanlandske.